



Voss herad

Eit innblikk i arbeidet med sjukefråvær i Voss herad

Temadag heradsstyret 18.09.2025
Eolo Ulrich, HMS-rådgjevar

Mål

- Voss herad har ein overordna HMS-handlingsplan som peikar ut prioriterte satsingsområde. Eitt av desse områda er **sjukefråvær**.
- Målet** er at sjukefråværsprosenten* skal vera lågare enn snittet i kommunal sektor.

 Voss herad

Overordna HMS-handlingsplan i Voss herad 2025-2026.

Voss herad skal ha ein kultur for helse, miljø og sikkerheit som er ferebyggjande og helseframtande. Det betyr at me skal sikra:

- eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø
- og ha eit kontinuerleg og systematisk HMS arbeid gjennom aktiv medverknad frå tilsette, verneombod, tiltaksvalde og leiarar.

HMS er ei felles oppgåve og vert skapt dagleg i samhandling og dialog. Godt leiarskap og medarbeiderskap er avgjerande for å få dette til. HMS er eit leiaransvar på alle nivå og er integrert i all leiing. Verneombodet har ein tilsynsfunksjon og skal vera ein samarbeidspartnar for leiar.


Alle nye leiarar i Voss herad som ikkje har ferdig HMS-opplæring skal delta på HMS-kurs for leiarar. Dette er fyrste dagen av HMS-grunnkurs i regi av bedriftshelsetenesta.

Område	Mål	Handling	Ansvar	Når	Utført
Sjukefråvær	Sjukefråværsprosenten skal vera lågare enn snittet i kommunal sektor, pr. sektor	• Leiarar skal arbeida systematisk med ferebyggjande mål om å hindra arbeidsrelatert sjukefråvær • Sjukefråværsstatistikk, HMS rapportar, 10 faktorer mfl. dannar grunnlag for prioritering av tiltak på einingane. • Smittevernstiltak - Gjennomføre risikovurdering og evaluering av tiltak med fokus på sesongsmitte - Registrering i eksponeringsregister • Opplæring om ferebygging og tiltak for nærvær og sjukefråværsarbeid til leiarar og tilsette • Bygge kultur for vider for legge og «sjukefråvær er ikkje ei privatsak»	Leiarar på alle nivå Leiar, Verneombod/ AMG som støttefunksjon Aktuelle leiarar HR (leiaropplæring), leiar (for tilsette). Leiarar på alle nivå	2025-2026 2025-2026 2026 Årleg Kontinuerleg	
Kartlegging og risikovurdering vald, truslar om vald	Sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø ut frå ei vurdering av faktorar i arbeidsmiljøet som kan verke inn på arbeidstakarane si fysiske og psykiske helse og velferd.	• Systematisk arbeid med: - ferebygging og handtering av truslar og vald mot tilsette - opplysing av tilsette som har vore utsett for truslar og vald • Alle avdelingar skal vurdere om dei har risiko for at det vert utøvd vald og truslar mot dei tilsette • Relevant opplæring og øving på områda som er avdekkja i risikoanalyse	Leiarar på alle nivå Leiarar på alle nivå Leiarar på alle nivå Kommunalsjefar etterspør handling hjå sine leiarar	2025 2025 2025	


* Sjukefråværsprosent = $\left(\frac{\text{Antal sjukefråværsdagsverk}}{\text{Antal dagsverk}} \right) \times 100$

Sjukefråvær over tid i Voss herad

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
1. kvartal	10	9,4	12,1	11	10,6	10
2. kvartal	7,8	9,4	9,5	11,1	10,5	8,3
3. kvartal	6,8	7,6	7,7	7,5	7,7	
4. kvartal	8,3	10,8	10,2	10	9,2	



Sjukefråvær over tid Helse og omsorg



I næringa «helse og sosialtjenester» i kommunal sektor var sjukefråværet på 10,3 % i andre kvartal 2025 (SSB).


Sjukefråvær over tid i Voss herad vs. kommunal sektor i Noreg

	2022		2023		2024		2025	
	Voss	Noreg	Voss	Noreg	Voss	Noreg	Voss	Noreg
1. kvartal	12,1	11,1	11	10	10,6	9,9	10	9,8
2. kvartal	9,5	8,6	11,1	8,5	10,5	9,1	8,3	8,6
3. kvartal	7,7	6,9	7,5	7	7,7	7,4		
4. kvartal	10,2	9,6	9,7	9,9	9,2	9,1		

Sjukefråværs
prosenten
skal vera
lågare enn
snittet i
kommunal
sektor



Sjukefråvær over tid i Voss herad fordelt etter type



Kva gjer Voss herad for å førebyggja og redusera sjukefråvær?

- **Mål og handlingsplan**

- Heradet har eit tydeleg og forankra mål kring sjukefråvær.
- Det er utarbeidd ein overordna HMS-handlingsplan som ligg til grunn for lokale HMS-handlingsplanar i einingane.

- **Oppfølging og statistikk**


- Det vert jamleg utarbeidd **sjukefråværsstatistikk**. Tala vert presenterte for kommunal- og stabssjefar, og følgde opp på overordna nivå i Arbeidsmiljøutvalet, samt lokalt i arbeidsmiljøgruppa i eininga.
- Heradet nyttar 10-faktormedarbaidarundersøkinga som verktøy for å kartlegga arbeidsmiljø og trivsel.

- **Forbetringsarbeid**

- **Avvikssystemet** vert nytta til å fange opp, melde frå om og rette opp uønskte hendingar. Målet er å lære av avvik og nytta dei som grunnlag for kontinuerleg forbetring.
- **Vernerundar**.

- **Risikovurdering**

- Identifisera og vurderer potensielle farar for å kunne redusera risiko og sikra trygge og forsvarlege arbeidsforhold.





Voss herad

Kva gjer Voss herad for å førebyggja og redusera sjukefråvær?

- Særskilde prosjekt i Helse og omsorg
- I dette barnehageåret vert det sett ekstra fokus på sjukefråvær. Tematikken vart løfta og arbeidd med allereie på første planleggingsdag, der alle tilsette var samla
- Samarbeid med NAV Arbeidslivssenter, Kveik Ekspertbistand og bedriftshelsetenesta, og i samband med tilrettelegging
- Tilbod om influensavaksine



Kva skal me gjera framover?

- **Forbetra dagens praksis:** vidareføra det me gjer, og gjera det endå betre
- I større grad ta i bruk **utstyr og teknologi** for å leggja til rette på arbeidsplassen
- Digitalisera og effektivisera prosessar for å frigjera tid til leiarar, slik at dei kan følgja opp dei tilsette betre
- **Styrka samarbeid** med NAV Arbeidslivssenter og Kveik Ekspertbistand
- **Auka avviksmelding:** verta flinkare gjennom systematisk opplæring
- **Dela** suksesshistorier og **læra** av erfaringar på tvers i heradet
- Som HMS-rådgjevar vil eg bidra til **systematikk**, fasilitera synergjar på tvers, tilby **kompetanseheving** for leiarar, og styrka dei lokale arbeidsmiljøgruppene

